

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
KOMMUNEPLANUTVALET	18.06.2020	021/20

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole		
Saksbehandlar: Aina Holmberg	Arkiv: K1 - 146, K2 - F61	Arkivsaknr 20/366

Revidering - Ruspolitisk handlingsplan for perioden 2020 - 2024 - Offentleg utlegg

Rådmannen si tilråding:

1. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2020 – 2024 vert lagt ut på offentleg høyring i 4 veker.
2. Vedtaket er gjort i medhald av plan og bygningslova § 5-2.

18.06.2020 KOMMUNEPLANUTVALET

Møtebehandling Vedtak samrøystes

KPU- 021/20 Vedtak:

1. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2020 – 2024 vert lagt ut på offentleg høyring i 4 veker.
2. Vedtaket er gjort i medhald av plan og bygningslova § 5-2.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Stranda kommune skal ha ein ruspolitisk handlingsplan som skal rullere kvart fjerde år. Rusmiddelpolitisk handlingsplan vart delt i to, der delen om retningslinjer for sal- og skjenkeløyve har vore til politisk behandling. Rusmiddelpolitisk handlingsplan har tidlegare vore ute på høyring i 6 veker, grunna større endringar må planen leggest ut på nytt. Fylkesmannen har opplyst om at då kan ein redusere høyringsfristen til 4 veker.

Saksopplysningar

Rådmannen fekk i oppdrag å setje saman ei arbeidsgruppe med representantar frå ulike fagområde der ein skulle utarbeide ein rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Grappa fekk denne samansetning:

Arne Gotteberg - Kommuneoverlege

Gudrun Lind Leiande - Helsesjukepleiar Helsestasjonen

Margrete Fjetland Løvold - Folkehelsekoordinator

Aina Holmberg - Einingsleiar sosialtenesta/barnevern

Lill Gullbekkhei - Einingsleiar habilitering/rehabilitering

Elisabeth Opsvik - Einingsleiar kultur og fritid

Joakim Nykrem - Lærer Stranda ungdomsskule

Evelyn Omenås - Leiar servicekontoret/saksbehandlar

Line Beate Drege - Konsulent servicekontoret/saksbehandlar

Øyvind Skarbø - Politiet

Kjartan Lied - Sekretær og leiar i grappa

Planen skal leggjast ut på offentleg høyring i 4 veker.

Rusmiddelproblema er samsette og difor må ein slik plan vere både tverrfagleg og tverretatleg, og innehalde alle sider ved rusarbeidet i kommunen. Dette inneber å ta i vare alle typar førebygging, tiltak som løyvepolitikk, folkehelsearbeid, informasjonstiltak og haldningsskapande arbeid, samt oppfølging og rehabilitering av rusmiddelbrukarar. Hovudmålet med Ruspolitisk handlingsplan er å synleggjere strategiane til kommunen for å redusere avhengigheit og negative konsekvensar av rusmiddelbruk, og fremje ein struktur og heilskapleg innsats på området.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2020-2024 er ein ny plan med mål, strategiar og konkrete tiltak.

Vurdering

Rusmiddelpolitisk handlingsplan vert lagt ut på offentleg høyring i 4 veker.

Vedlegg:

Dok.dato:

08.06.2020

Vedlegg:

Ruspolitisk handlingsplan 2020

Dok.ID

277756

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

*